

Solund kommune

Oppstartsmøte ved reguleringsplanarbeid

Endring av reguleringsplan (201303) for Losnegård 65/1 - 2025

Plan-ID: 4636_202501

Innhold

INNLEIING	3
DEL I - OPPSTARTSMØTE – FØREBUING GJENNOMFØRING	4
Føremål med møtet.....	4
Førebuing til møtet.....	4
Gjennomføring av møtet	4
Etter møtet.....	5
DEL II – NOTATMAL FOR OPPSTARTSMØTE	6
1 Oppmøte.....	6
2 Saksnummer og plan-ID	6
3 Føremål med planarbeidet.....	6
4 Planstatus i området.....	7
5 Type plan som er tenkt utarbeidd	7
6 Tilhøvet til overordna plan.....	8
7 Krav om planprogram og konsekvensutgreiing	8
8 Viktige tema for denne planen.....	9
9 Andre tilhøve.....	9
10 Medverknad	10
11 Oppstart av planarbeid – tilråding frå kommunen.....	11
12 Krav til utkast til plan.....	11
13 Gebyr i plansaker	11
14 Stadfesting.....	11
DEL III - VIKTIGE TEMA I PLANEN.....	12
Generelt.....	12
Planområdet.....	12
Bygnad og bygnadsstruktur.....	12
Grønstruktur og landskap	13
Samferdsle.....	14
Born og unge	14
Verneverdige kulturminne	15
Risiko og sårbarheit	15
Nærmiljø.....	16
Helse	16
Sjø og vassdrag	16
Kommunaltekniske anlegg	17
Reguleringsføresegner	17
Kart	18
Prosess.....	18

INNLEIING

Mal for oppstartsmøte var ein del av den reguleringsplanrettelearen Sogn og Fjordane fylkeskommune utarbeidde i 2011 (verktøykasse vedlegg 1 og 2). I nettverkssamlingane vi har hatt dei sist åra med planleggarane i kommunane, har det kome fram behov for ein oppdatert versjon av denne malen, og Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk oppdraget med det. Vi har i stor grad teke utgangspunkt i to eksisterande malar, ein frå Eid kommune og ein frå Bergen kommune. Eid kommune sin mal er særleg lagt til grunn for del I og II, medan Bergen kommune sin er utgangspunkt for del III.

Tanken er at denne malen skal vere eit utgangspunkt for den enkelte kommunen. Malen har vore sendt over til kommunane for kommentar, og den har også vorte testa i oppstartsmøte i Eid før vi ferdigstilte den.

Kvardag, rutinar og behov er ulike frå kommune til kommune. Difor er det lagt opp til at den enkelte kommune tilpassar denne malen til sin kvardag og sitt behov. Malen vert difor tilgjengeleg i PDF-versjon med Sogn og Fjordane fylkeskommune sin profil på framside og bakside, og som Word-fil som kan endrast på og gjevast kommunen sin profil.

Torbjørn Hasund, rådgjevar, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Juni 2017

DEL I - OPPSTARTSMØTE – FØREBUING GJENNOMFØRING

Føremål med møtet

Føremålet med oppstartsmøtet er at privat forslagsstillar skal få legge fram sine spørsmål til planarbeidet for kommunen i møte før formell oppstart av planarbeidet.

Planavdelinga kan gjennom møter og annan dialog presisere sine krav til planarbeidet med omsyn til framstilling og gje signal om krav til innhald i planframlegget. Dersom forslagsstillar held seg til krava som vert sett vil han i større grad unngå å få "mangellister" tilbake frå kommunen etter at planforslaget er sendt inn til handsaming.

For å oppnå ein tett dialog anbefaler vi at det vert gjennomført minst eit møte til undervegs i planarbeidet i tillegg til oppstartsmøtet for å avklare eventuelle spørsmål og uklarheiter.

Førebuing til møtet

Forslagsstillar

Privat forslagsstillar må nytte fagkunnig plankonsulent i planprosessen. Fagkunnig plankonsulent skal ha kompetanse til å utarbeide reguleringsplan med tilhøyrande planomtale, plankart og føresegnar i tråd med plan- og bygningslova kapittel 12. Denne kompetansen er viktig for å oppnå ein effektiv og god planprosess. Kommunikasjon mellom kommunen og privat forslagsstillar skal gå gjennom plankonsulenten.

Plankonsulenten tek kontakt med kommunen for å avtale oppstartsmøte og sender over informasjon om følgjande før møtet:

1. Bakgrunn og føremål (t.d. type bygg, byggehøgde, omfang og løysing for tilkomst).
2. Planavgrensing, visualisert i kart.
3. Om alle grunneigarane i planområdet er kjent med planane.
4. Om planforslaget vil følgje opp hovudtrekk og rammer i overordna planar som uteoppfallsareal, gang- og sykkelamband, leikeplassar, overvatn, rekkjefølgjeføresegnar og meir.
5. Særskilte moment dei vil kommunen skal gje opplysningar om eller svare på.

Plankonsulent førebur ein kort presentasjon av tiltaket, gjerne med utgangspunkt i strukturen i notatmalen.

Kommunen

Når kommunen har motteke opplysningane frå plankonsulenten skal oppstartsmøtet normalt bli arrangert seinast innan 3 veker. Kommunen skal sende notatmalen over til plankonsulenten slik at han kan førebu seg på den. Ved mindre endring av plan vert det avtalt nærare kva informasjon som er naudsynt i forkant av møtet.

Kommunen bør på førehand førebu seg godt ved å setje seg inn i kjent kunnskap om planområdet, slik at dei så langt som mogleg kan svare på spørsmål om planarbeidet. Kommunen bør på førehand gå gjennom referatmalen og gjere seg opp ei meining om dei enkelte konkrete punkta som står der og kva krav ein vil setje til planarbeidet.

Når planavdelinga / dei som har ansvar for planarbeidet får inn førespurnad frå forslagsstillar må dei informere andre aktuelle kommunale etatar og eventuelt også andre aktuelle offentlege etatar om møtet, samt be om førebelse synspunkt som kan ha verdi for tiltakshavar i det vidare planarbeidet.

Gjennomføring av møtet

I møtet

Forslagsstillar skal møte saman med plankonsulent, jf. krav i plan- og bygningslova om at reguleringsplan skal utarbeidast av fagkunnige. Planavdelinga deltek med leiar og sakshandsamar. I tillegg møter etter behov representantar frå andre kommunale fagetatar. Møtet vert leia av kommunen, og dei har ansvar for at malen vert gjennomgått og at det ein diskuterer vert notert ned. Forslagsstillar informerer om sine planar. Del II «Notatmal for oppstartsmøte» og del III «Viktige tema i planen» vert gjennomgått.

Synspunkt og råd frå planavdelinga er førebelse og som utgangspunkt ikkje avklart politisk.

Planavdelinga skal på slutten av møtet oppsummere om føremålet med planarbeidet og oppstart vert anbefalt av administrasjonen.

Etter møtet

Etter møtet vert notatet sendt til privat forslagsstillar ved plankonsulent for godkjenning. Notatet skal nyttast som grunnlag for eventuelt vidare arbeid med utforming av planen. Det kan kome nye krav i etterkant av oppstartsmøtet, t.d. som følgje av nye opplysningar i saka.

Politisk godkjenning av planen kan ikkje garanterast sjølv om planen vert utarbeidd i tråd med råd frå kommunen sin administrasjon.

DEL II – NOTATMAL FOR OPPSTARTSMØTE

Om bruk av notatmalen: Alle boksar som berre inneheld informasjon, og ikkje skal fyllast ut, er sett i ein mørkare gråfarge.

1 Oppmøte

Førehandskonferansen er basert på planinitiativ motteke av kommunen:			
Møtestad:	Hardbakke	Møtedato:	14.08.2025
Deltakarar frå forslagstillar:		Deltakarar frå kommunen:	
Tiltakshavar med kontaktoppl.:	Per Daniel Losnegård Tlf: 99 97 88 03 E-post: losnagard@yahoo.com	Anne Kari Reigstad – ingeniør Tlf. 57 78 62 28 E-post: anne.kari.reigstad@solund.kommune.no Anne Kristine Dyrdal – rådgjevar (ref.) Tlf: 57 78 62 08 E-post: anne.kristine.dyrdal@solund.kommune.no	
Grunneigar:	Per Daniel Losnegård, 65/1, 11 Stig-Andre Solheim, 65/20 Haakon Malfred Solheim, 65/15 Jan Erik Strømsnes, 65/17 Carl Erik Arnesen, 65/14 Jørdis Maria B. Losnegård, 65/7 Einar Sigurd Losnegård, 65/ 18, 19 Reidar Losnegård og Anne Bente Reed, 65/23 Carl Erik Arnesen, 65/16 Kåre Magne Losnegård, 65/10 Stein Erik Losnegård, 65/6 Håkon Losnegaard, 65/2		
Plankonsulent med kontaktoppl.:	Christine Humlestøl Midtbø iVest Consult AS Tlf. 95210105 Epost: chm@investconsult.no		
Andre:			

2 Saksnummer og plan-ID

Arkivsaknr.:	25/417
Plan-ID:	Når forslagsstillar har varsla oppstart vert planen tildelt ein plan-ID som skal nyttast på alle plandokument. Ved mindre endring vert plan-ID frå gjeldande reguleringsplan nytta.

3 Føremål med planarbeidet

Forslagsstillar sitt føremål med planen/planendringa (bakgrunn og formål):
Stor etterspørsel etter naust i området er bakgrunnen for ynskje om å legge til rette for fleire nausttomter. Det skal også regulerast parkeringsplass mot austre del av areal for naust. Ved å oppgradere dagens bølgebrytar vil ein få til ei betre løysing for kai i området, kor båtplassar også vertskjerma frå vær og vind.

Det er planlagt utviding av eksisterande naustområde mot aust, med opptil 6 nye nausttomter. Disse er tenkt bygd i rekke i forlenging av eksisterande naust. Volum på bygg vil vere i samsvar med allereie etablerte naust. Flytebrygga som er tenkt etablert består av to delar 20,0 x 3,3 m betongbrygge, med L-utforming. Disse ligg stødig i sjøen og er motstandsdyktig mot vær og vind. Flytebrygga skal også fungere som bølgebrytar, då tidlegare bølgebrytar har dårleg funksjon og behov for utbetring.

Opplysningar som kom til i møtet:

- Det er også planlagt eit naust på 65/10, bølgebrytar ut frå 65/10 og tilkomst som traktorveg til denne.
- Mogeleg oppdatering av eksisterande veg i kart.
- Parkering til inntil 8 bilar bak naustrekke.
- Vatn og straum til flytebryggjer.
- Tydeleggjering av utfylling i sjø.

Innspel frå kommunen:

Forslagsstillar sitt forslag til **planavgrensing:**

☐ Ikkje relevant

Planområdet vil i hovudsak omfatte gbnr.65/1 og delar av 65/10. Planendring er ikkje vurdert å ville medføre negativ verknad utanfor planområdet

Innspel frå kommunen:

Forslagsstillar sitt forslag til **plannamn:**

☐ Ikkje relevant

Innspel frå kommunen: Endring av reguleringsplan (201303) for Losnegård 65/1 - 2025

4 Planstatus i området

Arealbruk i planområdet er regulert av:

☒ Kommuneplanen sin arealdel

☐ Områderegulering (pbl § 12-2)

☒ Detaljregulering (pbl § 12-3)

☐ Reguleringsplan etter eldre plan- og bygningslov (pbl85 eller eldre)

☐ Utbyggingsplan etter eldre plan- og bygningslov (pbl85 eller eldre)

Tilhøvet til andre planar:

☐ Planen vil heilt /delvis **erstatte** følgjande planar:

☐ Ikkje relevant

Revisjon av planID 201303 av 20.06.2013, og gjeld endringane gjort i planID 202501.

☐ Planen vil heilt/delvis **grense til** følgjande planar:

☐ Ikkje relevant

Ingen

☒ Kommunen kjenner **ikkje** til anna planarbeid i området

☐ Kommunen kjenner til følgjande planarbeid i området:

Ikkje utover kommuneplanen sin arealdel.

5 Type plan som er tenkt utarbeidd

Reguleringsplan etter plan- og bygningslova:

☐ Områderegulering

☐ Detaljregulering

Endring av:
☐ Områderegulering

☐ Detaljregulering

☐ Reguleringsplan etter eldre plan- og bygningslov

☐ Utbyggingsplan etter eldre plan- og bygningslov

Mindre endring av:
Plankartet
Føresegnene
☐ Mindre endring av områderegulering

☐
☐
☐ Mindre endring av detaljregulering

☒
☒
☐ Mindre endring av reguleringsplan etter eldre plan- og bygningslov

☐
☐
☐ Mindre endring av utbyggingsplan etter eldre plan- og bygningslov

☐
☐

Utfyllande (planområde, plansituasjon, gjeldande planar, tilhøve til andre planar, anna pågåande planarbeid): Dette er det som kommunen oppfattar at tiltakshavar har planlagt, men dette er ingen «godkjenning» av at dette er riktig framgangsmåte jamfør punkt 15.

Ved endring av reguleringsplan gjeld same reglar som for utarbeiding av ny plan, jf. pbl. § 12-14. Ved endring av eldre planar må planen oppdaterast i tråd med ny planlov.

NB! Ved mindre endring vil berre delar av punkt 6 til 12 vere relevant. Ei mindre endring av reguleringsplan inneber ein enklare planprosess og ei lita justering av plankart og/eller føresegner.

6 Tilhøvet til overordna plan

Samsvar med overordna plan:

Planformålet samsvarar med overordna plan

☒ Ja

☐ Nei

☐ Ikkje relevant

Innspel frå kommunen:

Innhaldet i private detaljreguleringsplanforslag må følgje opp hovudtrekk og rammer i kommuneplanens arealdel og områderegulering. Ved vesentlege avvik gjeld krava i pbl. §§ 4-1 og 4-2 andre ledd. (jf. pbl. § 12-3)

7 Krav om planprogram og konsekvensutgreiing

Avklaring av behov for planprogram og/eller konsekvensutgreiing:

☐ Det må utførast ei nærare vurdering av om planen vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn og dermed utløyser **krav om konsekvensutgreiing**, jf. pbl. § 4-2. Denne vurderinga skal utførast i tråd med konsekvensutgreiingsforskrifta § 3.

- ☒ Det må utførast ei nærare vurdering av om planen vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn og dermed utløyer **krav om planprogram**, jf. pbl. § 4-1. *Denne vurderinga skal utførast i tråd med konsekvensutgreiingsforskrifta vedlegg 3.*
- ☐ Planen utløyer **krav om planprogram**, jf. pbl. § 4-1.
- ☐ Planen utløyer **krav om konsekvensutgreiing**, jf. pbl § 4-2 og KU-forskrifta § 2.
- ☐ Ikkje relevant, jf. punkt 6.

Innspel frå kommune:

Det må leggjast fram ei vurdering av konsekvensar for miljø og samfunn: Det er ikkje krav om KU og planprogram, det vert bedt om ei vurdering av verknadar for miljø og samfunn. KU avheng av mengde masse i sjø.

Krav til planprosess og innhald i reguleringsplanen vil bli påverka dersom det er krav om nærare vurdering av om planen kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, krav om planprogram eller krav om konsekvensutgreiing.

Vurdering etter konsekvensutgreiingsforskrifta § 3:

Forslagsstillar har ansvaret for å utføre ei vurdering av om planen kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Kommunen har ansvar for å ta stilling til om planen kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, dette vert som regel avklart i etterkant av førehandskonferansen. Enten planen får vesentlege verknadar eller ikkje, skal dette grunngjevast og gå fram av varsel om oppstart av planarbeidet. Forslagsstillar kan ikkje varsle oppstart før kommunen har teke stilling til dette spørsmålet. (Jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 4)

8 Viktige tema for denne planen

Temaliste er sett opp i **del III**.

I utgangspunktet skal alle tema vere med i planomtalen. Dette for å synleggjere kva tema som vert **sjekka ut** som ikkje relevante og kva tema som er relevante og dermed må følgjast opp vidare i plankart og føresegner. Tema som er relevant i samband med vurdering av risiko- og sårbarheit skal inngå i risiko- og sårbarheitsanalyse etter pbl § 4-3.

Det kan dukke opp andre problemstillingar. Ta kontakt for nærare avklaring når slike problemstillingar dukkar opp – t.d. gjennom innspel frå andre i planprosessen.

☐ Forslagsstillar er gjort kjend med kva krav til kunnskapsgrunnlag og utgreiingar kommunen set for det vidare planarbeidet. Spesielle krav til kunnskapsgrunnlag og utgreiingar:

☐ Forslagsstillar har fått følgjande råd til planarbeidet:

☒ I etterkant av møtet sender kommunen utfyllande informasjon til forslagsstillar om viktige tema for denne planen. T.d. link til fagsider om ulike tema.

9 Andre tilhøve

Tilhøvet mellom plan og offentlege anlegg:

☐ Tiltaket føreset utbygging / utbetring av det kommunaltekniske anlegget

☐ Tiltaket utløyer krav om utbyggingsavtale

☒ Ikkje relevant

Innspel frå kommunen:

Tilhøvet mellom plan og eigedomsgrenser / kartgrunnlag:

☐ Tiltaket utløyer krav om ny kartlegging i området

☐ Tiltaket utløyer krav om klarlegging av eigedomsgrenser

☐ Kart er av tilstrekkeleg kvalitet

☐ Eigedomsgrenser er av tilstrekkeleg kvalitet

☐ Ikkje relevant

Innspel frå kommunen:

Er naboar og grunneigarar kjent med oppstart?

10 Medverknad, informasjon| og prosessar for samarbeid

☒ I etterkant av møtet sender kommunen utfyllande informasjon om viktige interessentar i plansaka til forslagsstillar. Døme på viktige interessentar er offentlege instansar, lokale instansar, kommunale instansar, grunneigarar, andre rettslege heimelshavarar, eventuelt naboar og andre.

Innspel frå kommunen:

11 Drøfting i møtet

Plankonsulent og tiltakshavar hadde ein gjennomgang på planane og skisse lagt fram i møtet. Det vart orientert om formål og planar vidare. Det var nokre endringar i planinitiativet, henta frå punkt 3:

- Det er også planlagt eit naust på 65/10, bølgebrytar ut frå 65/10 og tilkomst som traktorveg til denne.
- Mogeleg oppdatering av eksisterande veg i kart.
- Parkering til inntil 8 bilar bak naustrekke.
- Vatn og straum til flytebyggjer.
- Tydeleggjering av utfylling i sjø

Solund kommune tilrår å kontakte alle grunneigarar som grensar til 65/1, for å orientere om planarbeidet.

Solund kommune tilrår også å sjå til kommuneplanen sine føresegner og følgje desse. Dersom føresegnene i kommuneplanen vert fråvike i planframlegget, må dette grunngjevast.

12 Oppstart av planarbeid – tilråding frå kommunen

☒ Kommunen tilrår oppstart av planarbeidet under føresetnadane som er nemnt i notatet. Kommunen har følgjande råd til det vidare planarbeidet:
Dersom det vert levert dokumentasjon i tråd med kravspesifikasjonen er det lettare å få til ei rask sakshandsaming.
☐ Kommunen tilrår ikkje oppstart av planarbeidet. Grunngeving frå kommunen:

13 Krav til utkast til plan

Kommunen vil sjekke om utkast til plan er av god nok kvalitet til å ta opp til vidare politisk handsaming. Det er ikkje kommunen si oppgåve å oppgradere eit for dårleg utkast til god nok kvalitet. Om den ikkje stettar krava til kvalitet vil tiltakshavar sin konsulent få attendemelding om å utbetre manglar i utkastet.
Krav til utkast til plan er å finne i kommunen sin kravspesifikasjon (utarbeidd med heimel i forskrift om tidsfristar etter pbl. § 1, del IV)
☒ Etter møtet sender kommunen forslagsstillar utfyllande informasjon om gjeldande kravspesifikasjon

14 Gebyr i plansaker

☐ Forslagsstillar er gjort kjend med kommunale handsamingsgebyr, og med tidspunkt for fakturering. Kommunale handsamingsgebyr skal sendast til:
Fakturamottakar/-adresse: Per Daniel Losnegård E-post: losnagard@yahoo.com

☒ I etterkant av møtet sender kommunen forslagsstillar utfyllande informasjon om gjeldande gebyrregulativ og gebyr i plansaker.

15 Stadfesting og atterhald

Notatet frå førehandskonferansen har karakter av ei gjensidig orientering, og skal hjelpe fagkyndig plankonsulent i å utarbeide eit planforslag i tråd med kommunen sine forventningar. Verken førehandskonferansen eller notatet gjev rettar for nokon av partane i den vidare handsaming av plansaka, og alle vurderingar er faglege og førebelse. Naboprotestar, utsegner frå offentlege styresmakter og politiske vedtak mv. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet, forlenga sakshandsamingstid og endring av sakshandsamingsprosess.
--

DEL III - VIKTIGE TEMA I PLANEN

Fagetatens kommentarar til aktuelle fagtema

Med fokus på tema der fagetaten har konkrete krav eller anbefalingar, er skeptisk eller tema som krev utgreiingar eller avklaringar. Liten skrift i parentes er **døme** på tema / vurderingar som kan kommenterast nærare i merknadskolonnen. Her kan kommunane også skrive inn kommentarar knytt til tema, t.d. lovkrav eller føresegnar / retningslinjer i kommunale planar og vedtekter som skal leggst til grunn

Generelt

Generelle vurderingar (hovudinntrykk av planarbeidet)
Føremål (er areal og lokalisering eigna for føremålet?) Areal og lokalisering er eigna til føremålet.

Planområdet

Generelle vurderingar (framtidig utvikling av området, infrastruktur, grønstruktur, senterområde, områderegulering) Planarbeidet er i tråd med kommuneplan.
Alternativ (tilkomst, føremål, bygnadsstruktur, lokalisering) Planarbeidet er i tråd med kommuneplan.

Plantema

Bygnad og bygnadsstruktur	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Bygnad og byform (Er utforming og byggehøgder i høve terreng og landskap vurdert? Høgdedrag og landskapssilhuettar. Gjenbruk og universell utforming. Råd: Om ein ønskjer detaljerte føresegnar knytt til takvinkel, storleik, utsjånad, høgde og liknande. bør desse ta høgde for framtidige endringar.)	☒	☐	Kommuneplanen sine relevante føresegnar er førande for planarbeidet.
Arkitektur, estetikk og kvalitet (form, struktur, funksjon, uttrykk, tilhøvet til staden, landskapet og strøkskarakteren)	☒	☐	Kommuneplanen sine relevante føresegnar er førande for planarbeidet.

Bygnadsstruktur	☐	☒	
Utnyttingsgrad (type, volum, eksisterande nærområdet)	☒	☐	Det må byggast tett, men med omsyn til branntryggleik.
Fjernverknad (plassering i terreng, terrengformasjonar)	☒	☐	Kommuneplanen sine relevante føresegner er førande for planarbeidet.
Terreng (Vurdering av bygnad i høve eksisterande terreng, endring av terreng, verknad)	☒	☐	Kommuneplanen sine relevante føresegner er førande for planarbeidet.
Lokalklima (vind, sol, terrengdrag)	☒	☐	Kommuneplanen sine relevante føresegner er førande for planarbeidet.
Energiløysingar (fjernvarme, passivhus, plussbus, takform, beliggenheit, elbil-lader)	☐	☒	

Bruksføremål	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Bustader/fritidsbustader	☐	☒	
Næring/handel/kontor	☐	☒	
Kollektivknutepunkt	☐	☒	
Omsynssoner	☐	☒	

Grønstruktur og landskap	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Landbruk (areal i drift, kjerneområde, potensial omdisponering, arealtap, konflikter, dyrka mark, skog)	☒	☐	Merk kjerneområde for landbruk, men arealaet er teke i bruk.
Biologisk mangfald, natur og ressursgrunnlag (skal kommenterast i alle saker, jf naturmangfaldlova)	☒	☐	I tråd med naturmangfaldslova.
Grønstruktur (samanhengande soner til eksisterande grøntstruktur, sjø og vassdrag)	☐	☒	
Friluftsliv	☒	☐	Allmenn tilgang til strandsona er viktig, og må sikrast.

(verdi, dagens bruk, potensial, stiar, grøntkorridor)			
Landskap (naturlandskap, hovuddrag, fjernverknad)	☐	☒	
Terrengbehandling og massebalanse	☒	☐	Mengde masse på fylling og kor denne massen skal hentast frå?
Uteopphaldsareal (felles, privat, mengde, areal, kvalitet, plassering i feltet)	☐	☒	

Samferdsle og infrastruktur	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Trafikk (type trafikk, veg-/gatestandard, kryss, tilkomst, stigning, tilgjenge til kollektivtransport, byggegrense, farlei)	☐	☒	
Trafikktryggleik (skule/barnehage, leike-/opphaldsareal, busshaldeplass, servicefunksjonar, utrykkingskøyretøy, sikker ferdsl på sjø)	☒	☐	Sikre tilgang med utrykkingskøyretøy.
Parkering (behov, kommunal norm, kantparkering, soneparkering, kommunale parkeringskrav)	☒	☐	Kommuneplanen sine relevante føresegner er førande for planarbeidet.
Fortau, gang- og sykkeltrafikk (skuleveg, snarvegar, tverrsnitt, sykkelparkering)	☐	☒	
Kollektivtrafikk (avstand, busslommer, tilgjenge for alle)	☐	☒	
Energibehov, mobil og breiband/ fiber	☒	☐	Er det behov for straum? Ilandføring av kablar av ulik art må sikrast.
Veglys	☐	☒	

Born og unge	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Skule og barnehage	☐	☒	

(tiltakets verknad på kapasitet)			
Born og unges interesser (barnetråkk, dagens bruk, potensial, erstatningsareal) (NB! skal kommenterast i alle saker)	☐	☒	
Leike- og opphaldsareal (storleik, type, kvalitet, trafikktryggleik, tilgjenge for alle, årstider, rekkjefølgjekrav)	☐	☒	

Verneverdige kulturminne	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Kulturminne (enkeltobjekt, bygningar, anlegg, steingard, vegfar, teknisk, industrielt, automatisk freda, SEFRAK)	☒	☐	Det er lovpålagt å stoppe arbeid ved funn av kulturminne, og melde frå til kulturminnemynde.
Kulturmiljø (der kulturminne inngår i ein større heilskap, bygningsmiljø)	☐	☒	
Kulturlandskap	☐	☒	

Risiko og sårbarheit	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Risiko og sårbarheit (jf. DSB sin rettleiar)	☒	☐	Dette er også planlagt frå tiltakshavar si side.
Forureining (utslepp i anleggs- og driftsfase, luft, grunn, (drikke-)vatn, lys - gjeldande forskrifter må leggjast til grunn)	☒	☐	Utslepp i anleggsfase og driftsfase.
Støy (jf. T-1445, sone, type, skjerming)	☐	☒	
Geotekniske tilhøve (ras, skred, fundamentering, stabilitet)	☒	☐	Merk farekart for ras. Ver observant på fundamentering og stabilitet jamfør havnivåstigning.
Flaum (lavtliggande område, elv /bekkefar)	☒	☐	Havnivåstigning.
Lokalklima (vind, sollys, nedbør)	☒	☐	Vind og meir styrtregn.
Samfunnstryggleik (Ekspløsjonsfare, farlig stoff, elektromagnetisk felt, ulykke, utrykking)	☒	☐	Oppbevaring av farlege stoff.

Brann (tilkomst, stigebil, m.m.)	☒	☐	Jamfør kommentarar lenger opp om uttrykingskøyretøy.
-------------------------------------	-------------------------------------	--------------------------	--

Nærmiljø	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Nabotilhøve (sol, utsikt, innsyn, støy)	☒	☐	Merk: varsling av naboar.
Levekår (storleik på leilegheiter, bukvalitet, minimumsløysingar, avbøtande tiltak)	☐	☒	
Tilføre nærmiljøet nye / betre kvalitetar (mangelfulle kvalitetar, grønstruktur, gang- og sykkeltilknytning, støyskjerming, trafikkssikkerheit)	☐	☒	
Bygge- og anleggsperioden (støy, trafikkssikkerheit, riggområde)	☒	☐	Sjå kommentar om ureining lenger oppe.

Helse	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Universell utforming (Stigning, tilpassa bueiningar)(krava i TEK17 og Norsk standard gjeld)	☐	☒	
Kriminalitetsførebyggande omsyn (potensielle gjerningsstader, lyssetjing, oversiktlege og inkluderande bumiljø,)	☐	☒	
Folkehelse (beskytte mot risikofaktorar og fremme faktorar som verkar positivt på helse og livskvalitet, motverke helseskilnader)	☐	☒	

Sjø og vassdrag	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Vassdrag (byggegrense, bekk / elv, nedslagsfelt, 100 meters-beltet, økologisk tilstand)	☐	☒	
Sjø (byggegrense, naust, hamn, økologisk tilstand)	☒	☐	Byggegrense, føresegner for arealformål. Visar til relevante føresegner i kommuneplanen sin arealdel.

Sjøfront (offentleg tilgang, minimum byggehøgde)	☐	☒	
Status i vassdirektivet (vassressurslova)	☒	☐	Visar til kommentar lenger oppe om ureining. Tilstand: Sognesjøen: Økologisk tilstand - Moderat Kjemisk tilstand - Dårlig

Kommunaltekniske anlegg	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Vatn og avløp, (kommunen sin VA-norm, forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg, forureiningsforskrifta, kapasitet på eksisterande anlegg, uttale frå VA- etaten, utbyggingsavtale)	☒	☐	Til orientering: Solund kommune har ein VA-norm.
Overvasshandtering (handtering av overvatn)	☐	☒	
Renovasjon (areal, teknisk løysing, lokalisering)	☒	☐	Det kan vurderast å sette av eit felles område til renovasjon.
Kommunal overtaking tekniske anlegg	☐	☒	Planløysingane må vere i tråd med kommunen sine krav til tekniske løysingar.
Sløkkjevatn (utstyr)	☒	☐	Status sløkkjeutstyr ved naustanlegg i dag? Det bør vurderast felles løysing.
Er det andre allmennyttige anlegg i området? (telefon, straum, fiber, m.m.)	☒	☐	Status? Det må eventuelt settast av areal til dette/ som del av anna areal og implementert i arealformålet.

Reguleringsføresegner	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Rekkefølgekrav (aktuelle, sannsynlege)	☐	☒	
Utbyggingsavtalar (pågåande arbeid)	☐	☒	
Økonomiske konsekvensar for kommunen	☐	☒	

(bygging og drift av vegar, VA-anlegg, skular, barnehagar, uterom, leikeareal)			
--	--	--	--

Kart	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Kartgrunnlag (koter, eigedomsgrenser, bygnad)	☒	☐	Kjem tilbake med kravspesifikasjon i etterkant.
Eigedomstilhøve (uklare grenser, eigartilhøve, kartforretning) Eventuell naudsynt justering av eigedomsgrenser bør skje i løpet av planprosessen	☐	☒	
Planavgrensing (tilgrensande planar, vegar, vegkryss, ubygde tomter, heile delområde)	☐	☒	

Prosess	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Behov for tiltak utover lovas minstekrav (høyringsinstansar, interessegrupper, infomøte eller annan medverknad)	☒	☐	Vidare prosess er ikkje avklart.
Undervegsmøte	☒	☐	Solund kommune stiller seg disponible ved behov.
Parallell sakshandsaming (jf. pbl §§ 1-7, 12-15 og 21-4)	☒	☐	Vidare prosess er ikkje avklart.
Skal kommune bidra med noko undervegs i prosessen?	☒	☐	Solund kommune stiller seg disponible ved behov.

ADRESSELISTE

REGIONALE HØYRINGSINSTANSAR – IKKJE UTTØMMANDE

Vestland fylkeskommune		post@vlfk.no
Statsforvaltaren i Vestland	Plan, Landbruk	sfvlpost@statsforvalteren.no
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavdelingen	post@kystverket.no
Fiskeridirektoratet	Region vest	postmottak@fiskeridir.no
Telenor Nett		
BKK AS		
Statens vegvesen	Region vest	firmapost@vegvesen.no
Bergens Sjøfartsmuseum		postsjofart@museumvest.no
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)		nve@nve.no
Sjøfartsdirektoratet		post@sdir.no

LOKALE HØYRINGSINSTANSAR

Solund kommune		post@solund.kommune.no
Firda Billag		post@firda-billag.no
Fjord1 Fylkesbåtane AS		
Norled		post@norled.no
Gulen skyss		post@gulenskyss.no
Vidar Hop skyssbåter		post@vidarhop.no
Sulejet		tom@barstein.as
NGIR (Avfall, renovasjon og gjenvinning for Nordhordland, Solund m.fl. kommunar)		forvaltning@ngir.no